

Julenummeret av Uskedalsposten kjem fredag.

03.12.2013



USKEDALSPOSTEN

Jula 2013

9. årgang

Laussal kr. 50,-

God Jul



Uskedalen Indremisjon og
bedehuset frå 1863 – 2013
Side 8-12



Trygve om jula som var
Side 14-15



Røysterett for Alle – 25 år
Side 16-20



Jul i barnehagen
Side 32-34

Godt og fylldig julenummer av Uskedalsposten også i år.

Julenummeret av Uskedalsposten er blitt ein kjærkommen tradisjon for svært mange. Dei som har venta på det, vert heldigvis ikkje skuffa i år heller. Frå førstkommande fredag er eit innhaldsrikt julenummer på 44 sider å finna på dei vanlege utsalsplassene.

Redaksjonen kan også denne gongen by på mykje interessant stoff for lesarane. Den yngre del av redaksjonen står bak mykje godt julestoff. Dei presenterer seg gjennom å fortelje litt om sine egne juleopplevingar. Dessutan har dei vore i barnehagen, og gjennom 5 koselege intervju får vi vite korleis barnehageborna opplever denne kjekke og spennande tida.

Redaksjonsmedlem Nellie Marie Hagen har og skrive ei fin julehistorie om Fjønssnisen som det var verkeleg koseleg å lesa.

Dei andre flinke ungdommane i redaksjonen er: Camilla M. Ripel, Amalie H. Rød, Anne Zofia Fonn og Ella Karina Hjørnevåg.

Faste innslag som juledikt, juleoppgåver og 'Ti om jula' har dei og bidrege med.

Gjennom året har det vore fleire større jubileum i bygda. Jubilantane Indremisjonen, Bedehuset og Røysterrett for alle får brei og historisk interesann omtale. I tillegg er to sjølvlaga Røysterrett-songar på trykk.

Programmet for det komande kyrkjejubileet er og presentert, - eit fyldig og godt samansett program.



[Ein trufast tenar - Inger Elise Helgeland](#)

Redaktøren, Ola Matti Mathisen leverer også denne gongen fleire gode og svært interessanne intervju. Gjennom eit fyldig og godt portrett, kalla 'Den trufaste tenaren' vert vi betre kjent med kyrkjetenar Inger Elise Helgeland.

I tidlegare nummer har han hatt reportasje om drosjeeigar Fritjof Sunde. Denne gongen friskar han opp att dei gode minnene etter den andre drosjesjåføren i bygda på den tida, koselege Bjarne Myklebust som døydde for 40 år sidan. Dette gjer han gjennom samtale med sønene Per og Lars, og med gamle bilete.



[Drosjeturane med Bjarne i denne bilen vekker gode minne hos mange.](#)

Litt om Jul i gamle dagar høyrer og naturleg med i eit skikkeleg julenummer. Matti Mathisen har gjort eit særst godt valg når han får 85 år gamle Trygve Haugland til å fortelja om sine barndoms juleopplevingar. Svært interessant!

I tillegg til ungdommane som alt er nemnt, har redaktøren hatt god hjelp av Kristian O. Bringedal, Jon Harald Kjærland, Svein Rimestad, prostiprest Pål Dale og Hans Ordin Østebø(foto) til å fylle dette flotte julenummeret med godt stoff. I tillegg er som alltid, Tore og Britt Torill M. Mathiesen, sentrale i arbeidet med Uskedalsposten. Alle som bidrar fortener ros!

Eg reknar med det vert rift om dette juleheftet i år og. Frå fredag er det altså i salg på dei vanlege stadene. Og husk: dei som er flytta vekk frå bygda vert ekstra glade for å få det!

Av: Thor Inge Døssland.